

## Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

**Jon Olav Økland (Krf)** sette fram slikt forslag:

«Endre høringssvar under "Tal på teljingar av røystesetlar" til: "Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet."»

**Sigurd Reksnes (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget rår til å vidareføre røysterettsalderen på 18 år ved val til kommunestyret, fylkestinget og stortinget. Fylkestinget meiner det er naturleg at det er samsvar mellom kor tid ein vert myndig og kor tid ein får røysterett.»

**Sigurd Reksnes (Sp)** sette på vegner av Sp og SV fram slikt forslag:

«Fylkestinget rår til å behalde den gjeldande ordninga for kandidat kåring ved fylkestingsval og stortingsval.»

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, MDG og V fram slikt forslag:

«Eit fleirtal i vallovutvalet foreslår å at det vert 16-års stemmerett ved kommune og fylkestingsval, Vestland fylkeskommune støtter dette, og meiner at 16-års stemmerett også bør gjelde ved stortingsval.»

### Avrøysting

Innstillinga eksklusive fremja forslag til endringer/tillegg vart samrøystes vedteke.

Hammer sitt forslag fekk 13 røyster (SV, MDG, V og R) og fall.

Reksnes sitt forslag som gjaldt røysterettsalder vart vedteke mot 30 røyster (A, MDG, SV, Krf, V og R).

Innstillinga sitt punkt om røysterettsalder fekk 29 røyster (13 A, MDG, SV, Krf, V og R) og fall.

Økland sitt forslag fekk 9 røyster (Krf, MDG og V) og fall.

Innstillinga sitt punkt om tal på teljingar av røystesetlar vart vedteke mot 7 røyster (Krf, V og 2 MDG).

Reksnes sitt forslag om vidareføring av ordninga for kandidat kåring vart vedteke mot 32 røyster (A, Frp, MDG, Krf, V og R).

### Vedtak

Vestland fylkeskommune har slike merknadar til NOU 2020:06 «Frie og hemmelige valg - ny valglov»:

#### Teknologi og tryggleik

Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet på dette punktet.

#### Ombodsplikt

Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet på dette punktet i samband med val til fylkestinget. Fylkeskommunen har ikkje vurdert andre delar av punktet.

#### Bruk av teknologi i valgjennomføringa

Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet på dette punktet, i samband med å lovfeste bruk av statleg IKT-system for valgjennomføringa. Fylkeskommunen har ikkje vurdert andre delar av punktet.

#### Listeforslag

Vestland fylkeskommune stiller seg bak forslaga til vallovutvalet på dette punktet, med tre unntak.

Når det gjeld krav til tal på underskrifter for parti eller grupper som ved førre stortingsval ikkje fekk minst 500 røyster i 1 valdistrikt eller minst 5 000 røyster i heile landet, ber vi om at det vert vurdert

å sette inn ei maktgrense for kor mange røyster det er naudsynt å samle inn, slik det no er for listeforslag til kommunestyreval.

Vestland fylkeskommune har vald å ikkje vurdere individuelle kandidatar og tal på underskrifter for å registrere eit politisk parti.

### **Tilgjengelegheit og tilrettelegging**

Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet på dette punktet

### **Røystegjeving, prøving og oppteljing**

Vestland fylkeskommune har vurdert dei følgjande delane av punktet, og kjem med slike merknadar:

- Kryss i manntalet  
Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet.
- Transport av valmateriell  
Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet.
- Tal på teljingar av røystesetlar  
Vestland fylkeskommune registrerer at utvalet føreslår at kommunane berre skal telje røystesetlane til fylkestingsvalet og stortingsvalet ein gong, i motsetnad til to gongar ved dagens regelverk. Fylkeskommunen er uroa for at det kan leie til fleire og større avvik mellom kommunane sin teljing og fylkeskommunen. Det vil vidare bety at fylkeskommunane må gjennomføre fleire teljingar av dei same røystesetlane under kontrollteljinga, og at denne vil ta mykje lenger tid. Kommunane har større grunnlag for enkelt å sjå kva som har leidd til avviket, og oppklaring av slike avvik vil ta mindre tid hos kommunen enn hos fylkeskommunen, som ikkje sitt med nokon informasjon om kva som har skjedd hos kommunane. Det krev og meir kommunikasjon med valansvarleg i kommunen, på eit tidspunkt der denne er «ferdig» med oppteljinga og har mindre moglegheit til å gjere sjekkar. Vestland fylkeskommune oppmodar til at kommunane framleis teljar røystene til fylkestingsvalet og stortingsvalet to gongar.
- Korleis røystesetlane skal teljast  
Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet.
- Valorgana  
Vestland fylkeskommune registrerer at utvalet har føreslått at det skal vere to valorgan i fylkeskommunen, eit fylkesvalstyret med ansvar for fylkestingsvalet og eit distriktsvalstyre som har ansvar for stortingsvalet. I Vestland fylkeskommune er det medlemene i fylkesutvalet som sitt i fylkesvalstyret. Dette utvalet handsamar saker for både stortingsvalet og fylkestingsvalet, til dømes denne utgreiinga eller andre høyringar som gjeld både vala. Vestland fylkeskommune er uroa for at ein her berre skapar meir byråkrati og ekstraarbeid for fylkeskommunane. Fylkeskommunen stiller og spørsmål til kven som skal sitje i dei to utvala, som i all hovudsak skal ha det same ansvaret i dei to vala. Det er forståeleg at namnet «fylkesvalstyre» vert problematisert i samband med rolla i stortingsvalet, der valdistrikta mest sannsynleg ikkje samsvarar med fylkesgrensa.

Vestland fylkeskommune føreslår at ein held på eit utval, men endrar namn på dette til «distriktsvalstyret», og at dette utvalet, som i dag, har ansvar for både fylkestingsvalet og stortingsvalet.

### **Andre tema**

Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet.

### **Godkjenning og klage**

Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet.

### **Omval**

Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet.

### **Beredskapsheimel**

Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderinga til utvalet.

### **Stemmerett**

Fylkestinget rår til å vidareføre røysterettsalderen på 18 år ved val til kommunestyret, fylkestinget og stortinget. Fylkestinget meiner det er naturleg at det er samsvar mellom kor tid ein vert myndig og kor tid ein får røysterett.

### **Ordninga for kandidatkåringa**

Fylkestinget rår til å behalde den gjeldande ordninga for kandidatkåring ved fylkestingsval og stortingsval.